



Dette er krigsminnet som no truleg vert borte

**Renoveringa av Skulbrua går mot slutten og det betyr at eit originalt krigsminne truleg snart er ein saga blott. Det er spora etter eksplosjonen midt på brua som gjekk føreseg 20. april 1940. Det var dei norske styrkene som utløyste han i håpet om at det ville setja ein stoppar for tyskarane som låg på Sjøhaugen og skaut mot Skårhaug. Men anten var brua for sterk eller ladningane for svake. To hol i betongen var det einaste resultatet.**

Tyskarane trudde for sin del at brua var minert og vassa over elva. Kjell Yri peikar på ein viktig grunn til at sprenginga ikkje lukkast. Den fann stad på oversida av eit solid brukar,

Denne episoden minnar oss også om det som skjedde då tyskarane inntok Lillehammer. Der var sprengninga av Vingnesbrua svært vellukka, så vellukka at alle spenn fall ned. Men hensikten vart likevel ikkje oppnådd, for tyskarane gjekk over isen!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen